



# SKULEREGLAR - ETNEDAL SKULE

Fastsett i Samarbeidsutval/Skulemiljøutval ved Etnedal skule 19.03.2024

Skulereglane skal hjelpe oss i arbeidet med å skapa eit trygt og positivt skulemiljø. Skulereglane gjeld i skuletida, på skulevegen og ved skulearrangement/skuleturar. Skulereglane gjeld også ved bruk av skulens digitale infrastruktur utanom skuletid. Skulereglane skal gjerast kjende for elevar og føresette kvart skuleår.

1. Alle skal vise **respekt**, ta **ansvar** og ha **omsorg** for kvarandre.
2. Ingen skal utsettast for mobbing, krenking eller utestenging.  
Alle elevar har eit ansvar for dette og skal melde frå til ein vaksen med ein gong dersom dei får kjennskap til at nokon ikkje har det bra på skulen.
3. Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å
  - vere hyggeleg, høfleg og inkluderande
  - vere roleg i timane og elles inne på skulen
  - vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
  - rette seg etter beskjedar og rettleiing frå alle vaksne på skulen
  - vise respekt for skulens og andre sine eigendelar
  - berre bruke sykkel, akeutstyr, ball eller liknande på tilvist område eller etter avtale med lærar
  - berre kaste snøball på tilvist plass
  - berre ta bilde, film eller lydopptak med særskild løyve frå lærar i undervisning
  - ikkje ha med brus, energidrikk eller godteri på skulen
  - ikkje fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar
  - ikkje banne eller bruke anna grovt språk
  - ikkje vere valdeleg eller truande
  - ikkje ha med farlige gjenstandar på skolens område
  - ikkje røyke, snuse eller vere påverka av rusmiddel
4. Elevane skal ha god orden. Det er god orden å
  - møte presis på skulen og til undervisning
  - ta godt vare på skulesakene og halde orden rundt oss
  - ha med nødvendig læremiddel og utstyr
  - gjere skulearbeid ein vert pålagt så godt ein kan og til rett tid
5. Elever skal ikkje bruke mobiltelefon/mobilklokke i skuletida (forbode gjeld ikkje på bussen)  
Skulen kan samle inn elevars private mobiltelefonar/mobilklokker i skuletida  
Elevar kan få særskilt tillatelse frå lærar til å bruke mobiltelefon i undervisning/skulearrangement/skuletur  
Enkeltelevlar med særskilte behov kan få tillatelse av rektor til å bruke mobiltelefon /mobilklokke i skuletida
6. Skulen tek ikkje ansvar for pengar eller personlege eigedelar elevane har med seg på skulen.
7. Elevar som øydelegg/gjer skade på skulen kan bli pålagt å utbetre skaden, rydde opp etter seg og/eller få økonomisk erstatningsansvar
8. Elevar som ikkje rettar seg etter skulereglane må rekne med tiltak som:
  - tilsnakk, verte informert om forventa åtferd og tap av goder
  - skulen tek kontakt med føresette
  - omorganisering av dagen; byte av elevgruppe, arbeide i eit anna rom, vera inne i friminutt
  - inndraging av gjenstandar som er forbode eller som er brukt i strid med ordensreglementet
  - føresette må komme og hente gjenstandar som er inndrage
  - nedsett karakter i orden og åtferd
  - heimsending frå skuleturar/skulearrangement
  - lovbrøt vert meldt til politiet
9. Bortvising  
Alvorlege brot eller gjentekne brot på skulereglane kan føre til at eleven blir vist bort etter opplæringslova § 9A-11. Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort frå enkelttimar eller reisten av skuledagen.  
Elevar på 8.-10. trinn kan visast bort intill tre dagar. Føresette vert varsla før tiltaket blir sett i verk.  
Ved bortvisning skal rektor fatte enkeltvedtak. Føresette har ansvar for elevar som vert bortvist frå skulen.



10. Skuledemokratiet skal sikre medverknad og samarbeid mellom elevar, føresette og skule.

**Elevråd**

Elevrådet har representantar frå 5.-10. trinn.

Ein tilsett ved skulen er kontaktperson og bistår elevrådet.

Skulen har ansvar for å sikre at alle elevar i 1—10. trinn får medverke i skuledemokratiet.

**Foreldrerådet/ Foreldrerådets arbeidsutval**

Alle føresette ved skulen er medlemmer av Foreldrerådet.

Foreldrerådet velger sine representantar til Foreldrerådets arbeidsutval (FAU).

**Skulemiljøutvalet/Samarbeidsutvalet**

Skulemiljøutvalet (SMU) er rådgivande organ i skulemiljøarbeid.

Samarbeidsutvalet (SU) har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Samansetning i SMU/SU; to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen er rektor.

Elever og foreldre skal til saman være i fleirtal.